



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunn Helen Henne, 5764 3140

Vedtak om mellombels løyve for Firda Sjøfarmer AS på lokaliteten Ospa i Solund kommune

Statsforvaltaren gir Firda Sjøfarmer AS mellombels utsleppsløyve i seks år for etablering av akvakulturanlegg på lokaliteten Ospa i Solund kommune. Løyvet er gitt med særskilde vilkår om overvaking av miljøtilstanden i vassmiljøet, avbøtande tiltak med omsyn til forstyrning av fugl, og utvida kartlegging og overvaking av sårbart naturmangfald innafor det området som anlegget kan påverke.

Vi viser til søknad frå Firda Sjøfarmer AS datert 17.03.2020.

1 Vedtak

Statsforvaltaren gir Firda Sjøfarmer AS mellombels løyve til forureinande verksemd i seks år. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gjeld frå 29.12.2023 og til og med 31.12.2029. Løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Firda Sjøfarmer AS skal betale gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 37 400 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.



1.1 Fristar

Frist	Innhald	Vilkår nr.
Innan ein månad frå anlegget er registrert i Akvakulturregisteret	Sende inn miljørapportar/ miljødokumentasjon frå søknaden til Altinn	12.8.1
Innan 01.04.2024	Registrere relevant miljødokumentasjon frå søknaden i Vannmiljø, Artskart og Naturbase	12.8.2
Innan to månader etter oppstart	Sende inn plan for miljøovervaking	12
Frekvens etter NS9410:2016, første gong på slutten av første produksjonssyklus	Gransking av organisk belastning og prioriterte stoff	12.1 og 12.2
Årleg, i løpet av sommarhalvåret	Strandsonegransking	12.4
1. mars kvart år	Rapportere miljødata og ev. avvik frå løyvet	11.2

2 Kort om bakgrunnen for saka

Firda Sjøfarmer har søkt om å få etablere akvakulturanlegg på lokaliteten Ospa i Solund kommune. Søknaden gjeld matfiskproduksjon i merdanlegg med ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn. Årleg produksjon i anlegget er stipulert til 2000 tonn biomasse, med eit fôrforbruk på 2520 tonn. Anlegget vil bestå av ti merder fordelt på to rekkjer, med eit anleggsareal på ca. 100 da, med fortøyingar og fôrflåte i tillegg.

Firda Sjøfarmer viser til at lokaliteten vil vere særleg godt eigna som eit alternativ til mindre lokalitetar i Gulen som verksemda ønskjer å fase ut. Gjennom omfattande førehandsundersøkingar og vurderingar der berekraft har stått sentralt, konkluderer søkjar med at etableringa vil få små verknader for naturmangfald og miljø.

2.1 Korrespondanse og saksgang

Søknaden er datert 17.03.2022, og vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndigheitene den 28.03.2022. Kommunen si handsaming av saka vart ettersendt frå fylkeskommunen den 16.06.2022, og saka vart då tatt til behandling hjå Statsforvaltaren.

2.2 Rettsleg utgangspunkt

2.2.1 Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining, haldne saman med fordelar og ulemper som tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova .



2.2.2 Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

2.2.3 Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

2.2.4 Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast (sjå vedlegg 1 i løyvet).

2.2.5 Konflikhtar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune (jf. punkt 3.1.) om konflikhtar som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan få for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafor våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter akvakulturlova.

3 Statsforvaltaren si vurdering

3.1 Grunngeving for vedtaket

3.1.1 Fordelar og ulemper

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Produksjonen har utslepp av fôrrestar, ekskrement frå fisken, ulike kjemikal frå notimpregnering og reingjering/desinfisering, legemiddel og framandstoff som følgjer med fôret. Alle desse kan ha påverknad på det marine miljøet og naturmangfaldet. Utslepp av støy og lys kan vere til sjenanse for naboar og naturmangfald.



3.1.2 Vurdering av forureiningsverknader, prinsippa i naturmangfaldlova og krava i vassforskrifta

Lågøyfjorden har ikkje akvakulturanlegg i dag og er frå før lite påverka av andre kjende utsleppskjelder. Vi har kunnskap om fleire ulike naturtypelokalitetar med sårbart naturmangfald i dette geografiske området, og desse er lite forstyrra av menneskeleg aktivitet i dag.

Negative verknader som akvakulturaktivitet kan få på natur og miljø er delvis godt kjent, men ein har likevel kunnskapshol med omsyn til tolegrensar for utslepp for ein del sårbare naturtypar og artar, og kor stor verknad etablering av eit nytt akvakulturanlegg ved lokaliteten Ospa kan få. Dette vil i første rekke vere knytt til eventuell negativ verknad for førekomst av raudlista korall og naturtype med svamp i nærområdet til anlegget, og om støy og menneskeleg forstyring vil gå ut over den sterkt truga hubrobstanden. I kommuneplanen for Solund kommune er det både generelle føresegner og føresegner knytt til akvakultur som må ligge til grunn for vurderinga av søknaden etter forureiningslova, knytt til verknader for natur og miljø. Sjå elles faktagrunnlaget i punkt 4.

ROV-kartleggingane som er gjort, er fordelt over heile det forventa influensområdet for utslepp frå anlegget. Det er likevel mykje areal som ikkje er kartlagt, og det kan vere større utbreiing av viktige naturtypar og artar som ikkje er kjent, jf. at forslag til kartleggingsmetodikk utarbeidd av Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet i 2022¹ har tilrådd at minst 4 % av arealet skal kartleggast. Ut frå det som er kartlagt, har Rådgivende Biologer vurdert at naturtypen *djuphavssvampe-samfunn* sannsynlegvis dekker så godt som heile anleggsområdet og delar av overgangssona til anlegget ved Ospa, i tillegg til at transekt lenger mot aust også viser denne naturtypen (men der er utbreiinga ikkje undersøkt nærmare). Raudlista kjøtkorall finst i tette førekomst på bratthenga vest for lokaliteten, og meir «vanlege» korallar finst spreidd i området utan at det er observert så tette førekomst at det utgjer naturtypen korallskog.

Ospa har vore, og er, eit viktig område for hubrobstanden i Vestland fylke. Det er kjent fire reirhyller for arten på sjølv Ospa og holmane rundt, og av desse reknar vi med at tre kan ha vore i bruk samtidig før hubrobstanden begynte å kollapse. Ospa skil seg ut ved å vere ubebudd og avsides, noko som kan forklare den høge førekomsten av hubro. Det vil vere av stor verdi at Ospa opprettheld denne statusen også i framtida, med tanke på at hubrobstanden forhåpentleg kan bergast og auke igjen. Det er derfor viktig at menneskeleg aktivitet blir halde på eit så lågt nivå som mogleg, og at det ikkje blir etablert ny, forstyrrende aktivitet innanfor kritisk avstand frå hekkelokalitetar. Etablering av eit akvakulturanlegg ved lokaliteten Ospa vil vere nettopp eit slikt nytt forstyrrende element, og ligge på grensa til å kunne påverke tilhøva negativt. Helst bør det nok ikkje etablerast permanent aktivitet ved lokaliteten, men det kan vere at reelle avbøtande tiltak kan fungere. Det mest nærliggande vil i så fall vere at anlegget flyttast så langt sør som det er mogleg innanfor arealet avsett til akvakulturføremål. Eit anna er at all ekstern aktivitet knytt til anlegget (transport av menneskap, lossing og lasting osv.) i så stor grad som mogleg blir lokalisert på sørsida av anlegget.

Vi vurderer at ei etablering av eit matfiskanlegg med MTB på 3120 tonn ved Ospa isolert sett vil gi ein låg risiko for at vassmiljøet kan bli utsett for uakseptabel negativ påverknad på kort sikt. Det

¹ <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Nyheter/2022/vil-ha-bedre-kartlegging-av-sarbar-natur>



er likevel knytt noko usikkerheit til kva påverknad etableringar av fire nye anlegg med ein samla akvakulturproduksjon på 10 140 tonn MTB kan få på naturmangfaldet i området og miljøtilstanden i strandsona, vassøyla og på botn (naturmangfaldlova § 10).

Det er ikkje noko i miljøgranskingane som er gjort ved denne eller dei tre andre lokalitetane som tyder på at utsleppa frå produksjonen til det enkelte anlegg vil endre heile vassførekomsten sin miljøtilstand, eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje kan nåast. Men den samla belastninga på både naturmangfald og resipienten/vassførekomsten vil auke vesentleg dersom alle dei fire anlegga vert etablert, og spesielt dersom alle fire også vert etablert på omtrent same tid.

Det er uvanleg å ha «så mykje naturmangfald» tett på ei nyetablering av akvakultur, og dette vil krevje meir oppfølging og overvaking enn det som elles er vanleg.

Statsforvaltaren vektlegg føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9), og vurderer at det er rom for å gje mellombels løyve på lokaliteten, med krav om både overvaking av miljøtilstanden i vassmiljøet, avbøtande tiltak og utvida kartlegging/overvaking av naturmangfaldet innafor det området som anlegget kan påverke. Vi vurderer at ein periode på 6 år vil vere tilstrekkeleg tid til at dette og dei andre anlegga som eventuelt får løyve kan komme i ordinær drift og gi oss eit betre kunnskapsgrunnlag for å kunne ta eventuelle søknader om permanente løyve til handsaming.

Verksemda pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på resipienten eller naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf.

naturmangfaldlova § 11. Verksemda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Statsforvaltaren finn det naudsynt, jf. forureiningslova § 51. Statsforvaltaren har også heimel til å endre løyvet og om naudsynt trekke det tilbake.

3.1.3 Vurdering av merknader

Merknader om korleis etablering av akvakulturanlegg i nord-Solund skal komme lokalsamfunnet til gode, og om vektning av ulike former for næringsaktivitet opp mot kvarandre med omsyn til påverknad på naturmangfaldet, ligg utanfor det som Statsforvaltaren etter etablert praksis skal vurdere etter forureiningslova i akvakultursaker. Når det gjeld korleis vi og Miljødirektoratet praktiserer føre-var-prinsippet for marint naturmangfald, må dei miljøfaglege argumenta og vurderingane lesast ut frå tilhøva som gjeld i den enkelte sak. Vi deler ikkje oppfatninga av at dette utgjer usakleg forskjellsbehandling.

3.1.4 Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at påverknaden frå etablering og drift av akvakulturanlegg ved Ospa er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene av utsleppa frå produksjonen, samanstillt med fordelar og ulemper som etableringa elles vil medføre, gjev vi mellombels løyve til forureinande aktivitet i seks år, på nærare fastsette vilkår.



3.2 Grunngeving for utvalde vilkår

Risikovurdering av utslepp av kjemikal (vilkår 2.7 og 6 i løyvet)

Alle utslepp av kjemikal og miljøgifter skal risikovurderast jf. vilkår 2.7 om internkontroll og vilkår 6 om kjemikal. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av kjemikala knytt til avlusing og nôtimpregnering verkar på miljøet over tid. Difor må risikovurderinga avdekke om kjemikala kan ha skadelege effektar på helse og miljø.

Støy og lys (vilkår 7.1 og 7.2 i løyvet)

Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i løyvet sitt vilkår 7.1. Verksemda må også innrette lys slik at det blir til minst mogleg plage for naboar og andre, jf. vilkår 7.2.

Anlegget vil ikkje bli etablert tett opptil eksisterande busetnad, men det er kort avstand til eit område som er viktig for raudlista rovfugl som er spesielt var for forstyrning. Områda nord i Solund har elles stor verdi for friluftslivet, og støyande aktivitet vil kunne opplevast meir sjenerande i slike område som har lite støy frå før.

Vi har nytta standard grenseverdier for industristøy som vilkår i løyvet. I tillegg til dei konkrete støygrenseverdiane ved nabo gjeld forureiningslova § 2 punkt 3, som seier at verksemda skal nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp. Dette inkluderer utsleppa av både støy og lys til omgivnaden.

Vilkåra om støy og lys som er sett i løyvet, ivaretar omsyna til andre interesser som ligg i Solund kommune sine føresegner i kommuneplanen. Solund kommune har vist til eksempel på tekniske løysingar som kan redusere støy til omgivnaden og mogleg påverknad på fugleliv og ålmenta. Løyvet etter forureiningslova er teknologinøytralt, men også knytt til bruk av beste tilgjengelege teknologi. Dermed medfører vilkåra i løyvet at dagens val av tekniske løysingar ikkje er «godt nok for alltid», men kan måtte bli endra over tid.

Utslepp av plast (vilkår 9.4 i løyvet)

Vi kjenner per i dag ikkje det nøyaktige omfanget av utslepp av plast frå eit oppdrettsanlegg, men ser det som ein miljørisiko. Difor set vi vilkår om at all aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal verksemda utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette, jf. vilkår 9.4 i utsleppsløyvet. Verksemda må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast.

Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 12 i løyvet)

Løyve til utslepp frå akvakulturproduksjon vert gitt med føresetnad om at naturen kan omsette dei utsleppa som anlegget har etter kvart, utan at miljøet vert overbelasta. For at verksemda skal kunne dokumentere at drifta er i tråd med denne føresetnaden, må verksemda overvake effekten som utsleppa har på miljøet. Løyvet har vilkår om risikobasert overvaking av miljøtilstanden og verknader på omkringliggjande naturmangfald i vassøyla, i strandsona og på sjøbotnen.



Overvaking av koparforureining og andre miljøgifter (vilkår 12.2 i løyvet)

For å unngå miljøskade har vi i vilkår 12.2 sett krav om overvaking av alle miljøgifter som anlegget har utslepp av, slik at tiltak kan setjast inn i tide, før nivåa vert for høge. Det er behov for meir informasjon om nivå av kopar og andre miljøgifter enn det som ei ordinær C-gransking gir. Difor er det sett krav om prøvetaking i fleire punkt og for fleire stoff i vilkår 12.2.1 i løyvet. Prøvetaking skal gjerast i samband med resipientgranskingar, og takast både ved merdkant, ved ytterkant av overgangssona, og på den mest organisk belasta stasjonen inne i overgangssona. Dette vil gi tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om det er behov for utvida prøvetaking eller tiltak. Lista over prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff er lang, men prøvane skal berre analyserast for dei stoffa som verksemda har sleppt ut.

Sårbar natur (vilkår 12.6 i løyvet)

Sårbare naturtypar er til ein viss grad kartlagt ved lokaliteten, men det er ikkje godt nok kunnskapsgrunnlag om utbreiinga til det som er funne. Det er difor sett vilkår om utvida kartlegging/overvaking av førekomstnar av sårbart naturmangfald ved lokaliteten. Dette skal takast med i det samla overvakingssystemet for anlegget. Dersom overvaking syner teikn til at naturmangfaldet tek skade som følgje av utsleppa frå anlegget, har Statsforvaltaren heimel til å endre løyvet og om naudsynt trekke det tilbake.

Meir kunnskap om risikoen for skade på naturmangfaldet ved lokaliteten vil vere ein føresetnad for Statsforvaltaren sine vurderingar av ein permanent utsleppssøknad på denne lokaliteten.

Nokre naturtypar er sårbare for fysisk påverknad, og kan ta skade ved til dømes utlegging eller flytting av fortøyingar. Det er difor sett vilkår om at verksemda skal filme med ROV for å kunne plassere fortøyingane på ein aktsam måte, og unngå å skade sårbart naturmangfald.

Rapportering av miljødokumentasjon frå søknaden til aktuelle databasar (vilkår 12.8 i løyvet)

Ein viktig føresetnad for å kunne ha ei open og kunnskapsbasert forvaltning, er at kunnskap og miljøinformasjon som myndigheiter har i ei sak, vert gjort tilgjengeleg og kan gjenbrukast i andre saker/samanhengar. Løyvet sitt vilkår 12.8 krev difor at både rapportar og relevante data frå miljødokumentasjonen frå søknaden og framtidige miljøgranskingar/ naturkartleggingar vert rapporterte inn til Altinn og dei offentleg tilgjengelege databasane Vannmiljø, Artskart og Naturbase.

Landbase (vilkår 1, 3.2, 4.1 og 5 i løyvet)

Det er ikkje oppgitt om det skal vere landbase tilknytt drifta, og kor denne i så fall er lokalisert. Nokre av vilkåra som gjeld aktivitet på anlegget og fôrflåten til anlegget, vil gjelde også for ein eventuell landbase.

3.3 Fråsegn til fylkeskommunen om verknader for natur og friluftsliv

Statsforvaltaren sine miljøfaglege innspel til Vestland fylkeskommune om verknader for natur og friluftsliv er sendt som ei felles fråsegn som gjeld alle dei fire søknadene som er til behandling i Lågøyfjorden (lokalitetane Lyngholmane, Saltskår, Nye Saltskår og Ospa). Fylkeskommunen må



gjere eit totalvurdering av føremoner og ulemper ved etableringane, og om det er miljømessig forsvarleg om alle dei fire anlegga kan etablerast samstundes.

Kopi av fråsegna vår er lagt ved dette brevet. Bakgrunnen for vurderingane som gjeld Ospa spesielt, er omtalt under faktagrunnlaget i kapittel 4.

4 Faktagrunnlag

4.1 Generelt om utslepp frå akvakultur

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare.

Organiske utslepp

Produksjonen vil ha utslepp av spillfôr og fekaliar og andre avfallsstoff frå fisken sin metabolisme. Dette gir utslepp av oppløyse nærings salt og organiske partiklar. Nærings salt har gjødslande effekt på marine algar, medan partiklane sedimenterer og vert brotne ned av botnfauna. Utsleppa kan endre artsdiversiteten og mengda individ hjå den marine floraen og faunaen både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Det vil og vere utslepp frå ulike arbeidsoperasjonar som t.d. notspyling, avlusing og reingjering. Dette kan gje synleg utslepp av skum/ organisk materiale som ikkje søkk, men blir transportert i overflata.

Kjemikal og miljøgifter

Produksjonen vil ha utslepp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel og notimpregneringsmiddel. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gi eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter.

Forbruket av legemiddel til avlusing har endra seg over tid, både når det gjeld typar og mengder. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg, og nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskilde effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Anlegg som nyttar koparimpregnerte nøter har utslepp av kopar, som ikkje blir brotne ned i sedimentet. Koparen blir verande i lang tid, også etter at anlegget er lagt ned. Koparnivåa kan bli svært høge i anleggsområdet, og i nokre tilfelle har vi også sett at koparnivåa over tid kan komme i konflikt med miljømåla i vassforskrifta for større område.

Plast og marin forsøpling

Store delar av eit oppdrettsanlegg er vanlegvis laga av plast, og slitasje vil medføre utslepp av plast til det marine miljøet. Mikroplast vil kunne finne vegen inn i næringskjeda. Større plastavfall vil kunne forsøple strandsona eller på botnen, eller forvekslast med mat av sjøfugl, fisk og marine dyr.



Avfall og biprodukt

Død fisk og anna organisk avfall er ein ressurs som kan utnyttast. Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utslepp til miljøet. Død fisk som ikkje blir tatt opp av merda vil gå i oppløysing og bidra til påverknad på botnen under anlegget og i resipienten elles.

Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utslepp. Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utslepp til miljøet.

Støy

Støyande aktivitetar ved eit akvakulturanlegg er mellom anna fôring, bruk av aggregat, interntransport på anlegget, notspyling, fôrleveransar og brønnbåtaktivitet. Miljødirektoratet har gjort ei kartlegging av støy frå akvakulturanlegg². Kartlegginga viser at dagleg drift vanlegvis ikkje bryt med standard industristøygrensar når det er ei viss avstand frå anlegget. Spreiinga av støy vil variere med topografiske tilhøve. Statsforvaltaren si erfaring er at meir periodevise arbeidsoperasjonar på kveld og natt i ein del tilfelle kan kome i konflikt med støygrensene i løyvet.

4.2 Tilhøvet til plan

I samfunnsdelen og arealdelen til Solund kommune sin kommuneplan ligg det ei rekkje mål, prioriteringar, retningslinjer og føresegner³ som er styrande for aktiviteten på m.a. akvakultur-områda som er sett av i planen. Generelle mål og prioriteringar knytt til arbeidsplassar, lokal næringsutvikling innan havbruk og bruk av sjøareala skal balanserast mot mål og prioriteringar knytt til berekraft, ivaretaking av naturmangfald og miljø, og omsyn til ålmenta og reiselivet si oppleving av natur, kultur og kystlandskap.

Det er gitt generelle føresegner knytt til at alle tiltak skal følgje miljøkvalitetsstandardar for vasskvalitet og miljømål etter vassforskrifta, og for omsynet til villaksen etter kvalitetsnorma for villaks og lakse- og innlandsfiskelova.

Når dei areala som er lagt ut med føremål akvakultur er vedtekne i planen, ligg det i det at det vil vere nokre pårekelege konsekvensar for natur, miljø og andre bruksinteresser av å prioritere for etablering av akvakultur på desse områda. Påverknaden frå anlegga skal likevel minimerast, i tråd med føringane i kommuneplanen.

Følgjande punkt under føresegn § 6.6 om akvakultur vil vere særleg viktige:

- e. *Innanfor A2, A3, A7, A8, A9, A13, A15, A17, A25, A26, A34, A35 og A36 gjeld følgjande: Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innafor kommunen sine sjøareal, kan tiltak etter særlovar berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand.*

² <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1482/m1482.pdf>

³ Føresegner og retningslinjer til Solund kommune sin kommuneplan for 2020-2032

https://www.solund.kommune.no/_f/p1/i4cc7561f-5934-43c9-b54b-a2cafdcdfc0c/solund-arealdel-foresegner-2020-2032.pdf



- f. *Under anleggsarbeid eller anna verksemd skal det visast aktsemd for å unngå mogleg skade på artar, naturtypar og økosystem, jf. plan- og bygningslova § 12-7 nr. 2.*
- g. *Det skal nyttast løysingar som gir minst mogleg støy til omgjevnadane for å redusere mogleg påverknad på fugleliv og ålmenta, t.d. hybridløysing, landstraum, lukka førsystem, undervassføring.*
- l. *Naturmangfaldslova sine prinsipp for avgjerdstaking, § 8 – 12, inkludert samla belastning, skal ligge til grunn for vurdering av tiltaket.*
- h. *Innanfor A36 gjeld følgjande:*
Anleggsarbeid definert som etablering av anlegget eller skifte av større komponentar som varar over noko tid, skal ikkje skje i perioden mars-juni.

Lokaliteten Ospa ligg i akvakulturområde A36, jf. § 6.6 bokstav e og h.

4.3 Merknader og fråsegner

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn, og det kom inn to merknader frå ålmenta. Dei momenta som gjeld forureining og natur- og miljøfaglege tema er tatt med i Statsforvaltaren sine vurderingar.

Merknaden frå Nord Solund Vel gjev støtte til etablering av næringsaktivitet med akvakultur nord i Solund, og har forventing om at dette vil styrke livsgrunnlag og samferdselstilbod i området.

Merknaden frå Sverre Roar Gustavsen mfl. hevdar at det er urimeleg forskjellsbehandling mellom sjølaksefiske (som ikkje er tillate) og akvakulturanlegg med omsyn på offentleg forvaltning sin argumentasjon med føre-var-prinsippet når det gjeld påverknad på villaksen og andre naturressursar og havmiljø.

Solund kommune stadfestar at søknaden er i samsvar med areal avsett til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. Kommunen ber om at sektormyndigheitene må sikre at føringane frå samfunnsplanen knytt til m.a. berekraft og fleire arbeidsplassar i kommunen, og at føresegnene i kommuneplanen sin arealdel knytt til natur og miljø vert oppfylte.

På spørsmål frå Statsforvaltaren om kva for moment direkte knytt til forureining som bør sikrast gjennom løyvet etter forureiningslova, har kommunen trekt fram følgjande føresegner som sentrale:

- *§1.9.3 a) Retningsline T-1442 frå Klima- og miljøverndepartementet gjerast gjeldande.*
- *§1.9.5 b) Alle tiltak innafor planområdet må følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta, og omsyn til villaksen som følgjer av kvalitetsnorma for villaks og § 7 i lakse- og innlandsfisklova.*
- *§6.6 g) Det skal nyttast løysingar som gir minst mogleg støy til omgjevnadane for å redusere mogleg påverknad på fugleliv og ålmenta, t.d. hybridløysing, landstraum, lukka førsystem, undervassføring.*



4.4 Resipient og lokalitet

I tillegg til miljødokumentasjon som er vedlagt i søknaden nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemdar.

4.4.1 Sjøområdet som resipient

Naturgjevne tilhøve

Lokaliten Ospa ligg sør for øya Ospa, nord i Lågøyfjorden. Djupna under anlegget er ca. 100-180 meter. I anleggs- og overgangssona er botn kupert, med eit djupdrag i nordvestleg-søraustleg retning, som i vest munnar ut i ei djuprenne med over 500 meters djup som leier ut i Gåsværosen og open kyst i nordvest. Austover vert Lågøyfjorden gradvis djupare og flatar ut i eit område med djup på nesten 400 meter ca. 2,5-3 km frå lokaliteten. Mot sør er det grunnare parti med mindre enn 100 meters djup.

Klassifisering i Vann-Nett

Vassførekomsten *Lågøyfjorden*⁴ er klassifisert som ein moderat eksponert kystvassførekomst. Det er lite påverknad frå menneskeleg aktivitet i vassførekomsten frå før, i all hovudsak berre litt spreidde avløp. Den økologiske miljøtilstanden er *god*, basert på miljøgranskningar gjort i samband med søknader om etablering av akvakultur. Det er ingen data og følgjeleg *ukjent* status for kjemisk tilstand.

Straumtilhøve

Straummålingane⁵ frå årsskiftet 2021/2022 er gjort ved den vestlege kortenden av planlagd anlegg (merddjupet, 5 og 15 meter) og sentralt i anlegget (spreiings- og botnstraum, 76 og 129 meter). Vasstransporten var spreidd i retningar mot nordaust til nord til vest på 5 meter, og meir tydeleg mot vest til nordvest på 15 meter. Dei to djupare målingane hadde hovudretning mot nordvest, med ein mindre komponent mot søraust på 76 meter. «Botnstraumen» på 129 meter er målt ca. 16 meter over botn, og gir såleis lite informasjon om straumtilhøva heilt nede ved botn. Gjennomsnittleg straumhastigheit var på høvesvis 10,8, 8,0, 5,8 og 3,2 på dei ulike måledjupa. Det vart registrert rundt 1 % straumstille på 5 og 15 meter, aukande til 3 % på 76 meter, og 12 % for den djupaste målinga.

Oksygentilhøve

Hydrografiprofil frå C-førehandsgranskninga⁶ i september 2021 viste ei vassøyle med ca. 85 % oksygenmetting frå ca. 75 meter og ned til botn på vel 160 meters djup. Oksygenivået ved botn låg på i underkant av 8 mg/l.

⁴ Vassførekomsten *Lågøyfjorden* i Vann-Nett <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0280030100-C>

⁵ Torkildson & Breiteig, 2022. *Strømmåling ved Ospa i september 2021 - januar 2022. Åkerblå rapport 103503-01-002*

⁶ Alvsvåg & Slettebø, 2022. *C-undersøkelse for Ospa (Ny lokalitet) 30.09.2021. Åkerblå rapport 103502-01-001*



Hydrografimålingar utført i samband med opptak av straummålarar i oktober 2021 viste om lag same biletet, men denne profilen gjekk litt grunnare, til ca. 145 meters djup.

Botnfauna

C-førehandsgranskinga hadde fire stasjonar fordelt i overgangssona til det planlagde anlegget, i tillegg til ein referansestasjon ca. 1,4 km mot vest. Resultata viste botnfauna med *svært god* (I) og *god* (II) tilstand, jf. rettleiar 02:2018⁷.

Botnfaunaen i overgangssona var sett saman av både forureiningssensitive og -tolerante artar, men med noko høgare tal av dei forureiningstolerante. Ingen artar var svært dominerande, men den mest talrike var også rekna til dei forureiningstolerante. Talet på artar vart vurdert som høgt ved alle stasjonar, men det var litt skilnader mellom stasjonane.

Kjemisk tilstand i sedimentet

B-forundersøkinga⁸ karakteriserer botnsedimentet i anleggsområdet som i hovudsak sand, leire og skjelsand, med innslag av grus og silt nokre stader.

Botntypen ved C-prøvestasjonane i overgangssona er omtalt som sediment med leire, silt, sand, skjelsand og grus. Kornfordelinga i sedimentprøvene viser botnsubstrat der om lag halvparten (47-56 %) er finstoff av leire og silt med litt (3-8 %) grus og resten sand. Referansen hadde vesentleg meir finstoff, litt meir grus og nesten ikkje sand.

Sedimenta inneheld låge nivå av kopar og sink (tilstandsklasse I). Normalisert TOC varierte frå tilstandsklasse I til II. Glødetapet viste innhald av organisk materiale som varierte frå 0-5 % i overgangssona, og litt høgare nivå på referansen (6,5 %).

4.4.2 Truga artar og naturtypar

Fugl

Øyane nord i Solund er generelt sett lite prega av menneskeleg aktivitet. Området har eit rikt fugleliv som inkluderer ei rekke raudlista artar, av både sjøfugl og rovfugl. Solund kommune har gitt konkrete føresegner for akvakulturområda i kommuneplanen med omsyn til å redusere støy og forstyrring av fuglelivet.

Rådgivende Biologer⁹ har oppsummert registreringar i Artskart av både raudlista og meir vanlege artar av fugl ved Ospa og dei andre nærliggande øyane nord i Solund i sin rapport med verdivurdering av marint naturmangfald i samband med etablering av lokaliteten Ospa i dette området. Området *Værøyna-Ospa* er vurdert til å ha ein *svært stor* verdi for raudlista fugl i denne

⁷ <https://www.vannportalen.no/veiledere/klassifiseringsveileder/>

⁸ Landro, 2021. B-undersøkelse for lokalitet Ospa 30.09.2021. Åkerblå rapport 103501-01-001

⁹ Birkeland, 2022. Etablering av oppdrettsanlegg i Lågøyfjorden, Solund kommune. Verdivurdering av marint naturmangfold. Rådgivende Biologer rapport 3757



rapporten. Firda Sjøfarmer har supplert med merknader om vurderingar som vart gjort i kommuneplanprosessen og eit notat frå Akvaplan-niva¹⁰ om verknader for hubro.

I tillegg til dei opent tilgjengeleg opplysningane som Rådgivende Biologer bygger sine vurderingar på, har Statsforvaltaren også ikkje offentlege data om reirplassar for hekkande rovfugl i området. Det er kjende reirplassar for hubro fleire stader på desse øyane. Hubro er kategorisert som *sterkt truga (EN)* på raudlista frå 2021¹¹. Ospa og øyane rundt utgjør eit viktig leveområde for hubro, som er ein art som både lokalt og nasjonalt har vore i sterk tilbakegang. Hubro er svært var for menneskeleg aktivitet, og fordi bestanden er så liten kan aktivitet i nærleiken av hekkeplassar utgjøre eit trugsmål ikkje berre mot desse hekkeplassane, men mot heile den regionale bestanden under eitt.

Akvaplan-niva har i sitt notat oppsummert offentlege data om hubro i Solund og nabokommunane rundt, og litteraturreferansar om konflikter mellom akvakultur og anna menneskeleg aktivitet, og hubro. Dei konkluderer med at akvakultur ikkje er blant dei aktivitetane som spesifikt er vurdert som trugsmål mot hubro i raudlistevurderingane av arten, at det ikkje er kjente observasjonar av hubro nærare enn 17 km frå planlagt anlegg på lokaliteten Ospa, og at anlegget dermed kan etablerast, med nokre avbøtande tiltak. Notatet er prega av at Akvaplan-niva ikkje har hatt tilgang til dei ikkje offentlege data om hubrobestanden i regionen, og vurderinga deira av trusselbiletet for hubro i Solund er dermed sterkt misvisande. Det er elles lite relevant at akvakultur ikkje er lista opp blant viktige trugsmål mot hubro; både fordi det er få akvakulturanlegg i nærleiken av hubrohekkeplassar, og fordi det ikkje er anlegget i seg sjølv som er hovudproblemet, men den menneskelege aktiviteten det fører med seg. Spesielt uheldig er ny menneskeleg aktivitet i tidlegare lite påverka område.

Firda Sjøfarmer viser til at foreslegne avbøtande tiltak vil bli gjennomført, og at det ikkje kan bli «omkamp» om å få nytte akvakulturområdet på grunn av hubro no, ettersom motsegna om dette frå Statsforvaltaren i kommuneplanprosessen vart trekt etter justering av arealet 200 meter sørover. Dei avbøtande tiltaka som er presenterte i rapporten frå Akvaplan-Niva kan vi ikkje sjå at er spesielt relevante. Når eit akvakulturanlegg er planlagt med utgangspunkt i straumforsyning frå aggregat på grunn av lang avstand frå land, synast det noko underleg å rekne sløyfing av luftspenn som eit avbøtande tiltak. Slike tiltak skal minimere ulempene ved anlegget slik det er tenkt utforma og plassert. Ein kan såleis heller ikkje rekne det som eit avbøtande tiltak at det ikkje skal skje utkast av daud fisk frå anlegget, ettersom slik aktivitet er forbode i utgangspunktet. Heller ikkje dei andre avbøtande tiltaka som er føreslått (fiskeføring berre under fuglenett av høg kvalitet) er anna enn standardprosedyre ved dei fleste akvakulturanlegg.

Miljødirektoratet sin handlingsplan for hubro for 2022-2026¹² viser til at «*det skjer arealinngrep og forstyrrelser i tilknytning til mange av de aktive og produktive hubroterritoriene i landet. Det kan føre til redusert hekkesuksess og i verste fall bortfall av territoriet. Derfor er det viktig at inngrep innenfor 1 km fra kjente reiområder unngås. I den nye handlingsplanperioden må det derfor gjøres et arbeid med å*

¹⁰ Sagerup, 2023. Redegjørelse for mulig påvirkning av hekkeforekomster av hubro i Solund kommune. Notat frå Akvaplan-niva datert 20.10.2023, APN-65329.

¹¹ Hubro i Artsdatabanken <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisterforarter/2021/29469>

¹² Miljødirektoratet sin handlingsplan for hubro 2022-2026 <https://prosjekt.statsforvalteren.no/siteassets/hubro/hubro-dokumenter/rapporter/handlingsplan-for-hubro-2022-2026.pdf>



få forvaltningsaktuell kunnskap om hubro ut til aktuelle myndigheter. Det er også nødvendig med økt fokus på å bevare spesielt ettertraktede jaktområder for hubro, som våtmarker, gammel og åpen skog og sjøfuglkolonier.»

Statsforvaltaren har som nemnt meir data om hubroen i fylket enn det som ligg offentleg tilgjengeleg. Kartlegging og overvaking av hubro har føregått årleg i Sogn og Fjordane sidan 2014, og m.a. med bruk av lydopptakarar er det påvist aktivitet ved 19 ulike lokalitetar fram til i år. To av desse hekkeplassane har i perioden gått tapt på grunn av menneskeleg forstyrning, og på grunn av det låge talet på hubro har det ved fem av lokalitetane berre blitt registrert einslege individ. Den kjente hekkebestanden i Sogn og Fjordane er dermed no på 12 par, og ettersom hubro sjeldan hekkar kvart år, er ungeproduksjonen svært liten (maksimalt fire par har klart å få fram ungar i eitt og same år).

Det meste av hekkebestanden av hubro i Sogn og Fjordane er konsentrert til Gulen med fire aktive lokalitetar og Solund med seks lokalitetar. Ingen av desse ligg nærare akvakulturlokalitetar enn 1 km. Av dei tre hekklokalitetane som ligg mellom 1 og 2 km frå fiskeoppdrettsanlegg, har to ikkje hatt registrert ungeproduksjon i løpet av dei ni åra som hubroprosjektet har vore i drift.

Statsforvaltaren sine ikkje offentlege data om hekkeplassar for rovfugl viser at det nærmaste hekkeområdet for hubro ligg i liten avstand til lokaliteten Ospa, med avstand mindre enn 1 km. Den eldste reirhylla i dette området ligg nesten 1 km unna, men vi mistenker at det er fleire alternative reirplassar i området, og det meste av det tilgjengelege arealet ligg nærare enn 1 km frå der akvakulturanlegget er tenkt plassert.

Det er sannsynleg at dårleg næringstilgang er ein av fleire faktorar som påverkar hubrobestanden negativt, og på kysten har nok den kraftige tilbakegangen i sjøfuglbestandane ført til bortfall av viktig næring i hekketida for hubroen. Den aktuelle hekkeplassen ved lokaliteten Ospa har neppe vore i bruk på fleire år, men for ein langleva art som hubro er det vanleg at fuglane ikkje hekkar i år med lite næringstilgang. For å ta vare på arten er det viktig at hekkeplassane blir tatt vare på over lang tid, slik at dei er tilgjengelege utan uheldige påverknader når næringstilhøva forhåpentleg betrar seg. Hubroen stiller strenge krav til ein god hekkeplass, og den same hekkeplassen kan vere i bruk i mangfaldige generasjonar. I Noreg er det t.d. gjort utgravingar av beinrestar i ei reirhylla som viste at den same hylla har vore i bruk av hubro i om lag fire tusen år.

Villaks

Lågøyfjorden ligg på vestsida/«yttersida» av Solund, ut mot opne kystområde, mellom dei to hovudutløpa frå Sognefjorden gjennom Sognesjøen og Tollesundet. Sognefjorden og tilhøyrande kystområde har stor verdi for både villaks og sjøaure, og fjorden husar fem nasjonale laksevassdrag. Tilstanden til bestandane i alle dei større anadrome vassdraga i og rundt utløpet av Sognefjorden er moderat eller dårleg, som vist i Lakseregisteret sine kart, til dømes den siste femårsvurderinga for 2015-2019¹³. Situasjonen knytt til lakselus er også i 2023 alarmerande langs

¹³ Lakseregisteret sitt kart <https://laksekart.statsforvalteren.no/share/d10574a3458d>



det meste av vestlandskysten, men aller mest alvorleg for utvandrande laksesmolt frå Sognefjorden og Hardangerfjorden, jf. Havforskningsinstituttet si årlege overvaking¹⁴.

Vi har ikkje kjennskap til at det er viktige vandringsruter for villaks eller viktige sjøaureområde tett ved lokaliteten. Men påverknaden frå lus og eventuelle rømmingshendingar frå akvakulturanlegg er ikkje nødvendigvis berre lokal, og etablering av fire nye anlegg i Lågøyfjorden vil kunne bidra til negativ effekt på bestandane både i Sognefjorden og dei nære kystområda.


4.4.3 Andre verdier for natur og friluftsliv i området

Rådgivende Biologar har gått gjennom kunnskapsgrunnlaget om raudlisteartar, marine naturtypar, verneområde, naturressursar og friluftsområde som ligg i offentlege databasar, og har i tillegg gjort kartleggingar med ROV på sjøbotn for å supplere kunnskapen om det marine naturmangfaldet ved lokaliteten Ospa. Det er vidare gjort ei vurdering av anlegget ved Ospa sitt potensiale for påverknad på dette naturmangfaldet. Funna og vurderingane er omtalt i rapporten⁹ nemnt over (under Fugl).

Marine naturtypar

Marint naturmangfald og marine naturtypar er generelt dårlegare kartlagt enn tilsvarende naturverdier på land. Det er registrerte data i dette området i Naturbase og andre offentlege databasar med miljødata (m.a. Statsforvaltaren si kartteneste Fylkesatlas, Lakseregisteret, Vann-Nett, Vannmiljø og Fiskeridirektoratet si kartteneste Yggdrasil).

¹⁴Karlsen mfl. 2023. En vurdering av lakselusinfestasjonen i produksjonsområdene 2023 — Sluttrapport til Mattilsynet fra den nasjonale overvåkingen av lakselus på vill laksefisk (NALO). <https://www.hi.no/hi/nettrapper/rappport-fra-havforskningen-2023-58>




Figur 1. Marine naturtypar som er registrert i Naturbase kring det omsøkte anlegget ved Ospa (oransje) inkluderer større taeskokgføremkomst (brunt), skjelsandområde (grått) og blautbotnområde i strandsona (lysebrunt med blått omriss). Overgangssona til anlegget (lilla) der utsleppa ventast å ha størst potensiell miljøverknad er 400 meter, jf. norsk standard NS 9410 om miljøovervaking. Omtrentleg plassering til søkelinjer frå kartlegging av naturmangfald er vist med blått.

Korallar og svamp: Ved lokaliteten Ospa er det filma ved botn og kartlagt marine naturtypar og raudlisteartar i ni transekt fordelt både aust og vest for anlegget, i forventa influensområde for utsleppa frå anlegget. Funna er ikkje lagt inn i Artskart og Naturbase. Den raudlista korallen kjøtkorall (*Anthomastus grandiflorus*) vart funne i tette førekomstar på det vestlegaste transektet om lag 1,6 km frå planlagt anlegg på Ospa, i lag med mindre førekomstar av andre typar hardbotnkorallar (mest sjøbusk og risengrynskorall). I transektet like ved/ under vestenden av anlegget vart det også funne nokre koloniar av sjøtre og sjøbusk. Det vart funne tette førekomstar av svamp på nesten alle transekta.

Basert på kartleggingane er det for nærområdet til lokaliteten Ospa identifisert fleire areal med verdi for det marine naturmangfaldet, m.a. eit stort område med djuphavssvampesamfunn i heile anleggsområdet (*Steinsøyna*, stor verdi) og eit mindre område noko lenger vest (*Saltskoren*, middels verdi). Denne naturtypen har ikkje norsk raudlistevurdering enno, men står på lista over marine naturtypar som skal ha eit særskilt vern gjennom OSPAR-avtalen. Lengst vest er det registrert eit funksjonsområde for kjøtkorall (*Kjeringskjera*, middels verdi), med antatt utstrekning som held fram vidare mot nord og sør på dei bratte bergveggane der. Førekomstane av andre hardbotnkorallar er spreidde og ikkje tette nok til å bli vurdert som hardbotnkorallskog. Dersom det vert etablert akvakulturanlegg ved Ospa tilrår Rådgivende Biologer ei meir nøyaktig



kartlegging av svampførekomstane si utbreiing. Dei tilrår også overvåkingsprogram med oppfølgjande overvaking av både svamp og korall.



Figur 2. Djuphavssvampesamfunna ved lokaliteten Ospa er vist som område nr. 4 (Steinsøyna) og 5 (Saltskoren) i dette kartet. Kjelde: Rådgivende Biologer rapport 3757.

Tareskog: Tareområdet *Bueffjorden*¹⁵ omfattar meir eller mindre samanhengande tareskog av stortare som strekker seg rundt ein stor del av øyane i nordlege delen av Solund, og er verdisett til *svært viktig*. Tareskogen si nøyaktige utstrekning er ikkje kartlagt i felt. Nokre av fortøyingane til anlegget ved Ospa kan i følgje kart i søknaden komme inn i den modellerte tareskogen. Rådgivende Biologer har i si vurdering rekna at delar av denne tareskogen ligg innafor anlegget sitt influensområde.

Skjellsand: Området *Ospa*¹⁶ er ein større samanhengande førekomst som er verdisett til *svært viktig*. Området si nøyaktige utstrekning er ikkje kartlagt i felt. Anlegget ved Ospa vil bli liggande ca. 400 meter frå det modellerte skjellsandområdet og ifølgje kart i søknaden vil nokre av fortøyingane bli plasserte inn i dette arealet. Rådgivende Biologer har i si vurdering rekna at heile skjellsandområdet ligg i anlegget sitt influensområde.

Blautbotn i strandsona: *Avløypevika*¹⁷ er registrert som ein middels stor og *lokalt viktig* førekomst av naturtypen *blautbotnområde i strandsona*. Avløypevika ligg ca. 1,1 km frå Ospa. Rådgivende Biologer har i si vurdering rekna at delar av dette blautbotnområdet ligg i anlegget sitt influensområde.

¹⁵ Større tareskogførekomst, Bueffjorden <https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00121845>

¹⁶ Skjellsandområde, Ospa <https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00122417>

¹⁷ Blautbotnområde i strandsona, Avløypevika <https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00115018>



Friluftsliv

Det meste av strandsona i omlandet til Lågøyfjorden er kartlagt og registrert som område med verdi for friluftslivet. Området Ospa¹⁸ er vurdert som *svært viktig*, medan *Saltskoren Færøy*¹⁹ er vurdert som *viktig*. Ospa og øyane rundt er også registrert som eit regionalt viktig friluftsområde i fylkesdelplan for friluftsliv.

Lokaliteten ligg tett ved Ospa, og under 2 km frå området Saltskoren Færøy. «Sjødelen» av områda har kvalitetar knytt til både natur og kultur på sjøen og langs strandlina, og vert m.a. nytta til padling, fisking og båtutfart. Ålmenta og reiselivet si oppleving av natur, kultur og kystlandskap er spesielt nemnt i samfunnsdelen til kommuneplanen i Solund.

5 Klagerett

andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

6 Tilleggsinformasjon

6.1 Avfallsplan

Som eit ledd i å verne det ytre miljøet må alle hamner ha ein avfallsplan for å dokumentere at det er tilstrekkelege mottaksordningar for avfall frå skip som legg til kai. Statsforvaltaren skal godkjenne avfallsplanane.

Krava til avfallsplanar står i forureiningsforskrifta kapittel 20²⁰ om levering og mottak av avfall frå skip. Kapitlet er den norske gjennomføringa av EU-regelverket i skipsavfallsdirektivet (direktiv 2000/59/EF).

6.2 Havnespy

Vi gjer merksam på at den framande arten havnespy (*Didemnum vexillum*, japansk sjøpung) er funne i fleire hamneområde på Vestlandet. Vi har så langt ikkje kjennskap til påvist eller mistenkt

¹⁸ Friluftslivsområde, Ospa <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00020185>

¹⁹ Friluftslivsområde, Saltskoren Færøy <https://faktaark.naturbase.no/?id=FK00020105>

²⁰ Forureiningsforskrifta kapittel 20 https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_7-2#KAPITTEL_7-2



førekomst av havnespy i Solund, men arten er stadfesta som veletablert i Skipavika i Gulen og i delar av haneområda i Florø, for å nemne dei funna som ligg nærmast Lågøyfjorden.

Alle tiltakshavarar har ansvar for å gjere nødvendige risikovurderingar og tiltak for å ikkje spreie denne arten til nye område i samband med sin aktivitet, jf. naturmangfaldlova § 28 og forskrift om framande organismar § 18. Vi har meir informasjon om havnespy på nettsida vår, som vert jamleg oppdatert.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1. Mellombels løyve etter forureiningslova for lokaliteten Ospa
2. Kopi av Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen om fire akvakultursøknader i Lågøyfjorden sine verknader for naturmangfald og friluftsliv (denne vert sendt i eiga oversending)

Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune
Firda Sjøfarmer AS

Kopi til:

Solund kommune
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Mattilsynet



Mellombels løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 21.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet ¹	xxxxx Ospa*	
Produksjonskapasitet	3120 tonn MTB matfisk av laksefisk	
Kommune og fylke	Solund i Vestland	
Verksemd	Firda Sjøfarmer AS	
Postadresse	Kalvøyna 75, 5970 Byrknesøy	
Org. nummer	936 678 432 (føretaksnr.)	(bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2023.xxxx.T*	4636.xxxx.xx*	2022/4832 - 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 11,251 N 04° 45,486 Ø	0280030100-C Lågøyfjorden	Ytre Sogn

* Namn og nummer blir påført etter oppretting av lokaliteten i Akvakulturregisteret.

Løyve gjeve fyrste gong: 29.12.2023	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Kjell Kvingedal miljødirektør	Gunn Helen Henne senioringeniør	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Innholdsliste

1	Rammevilkår	4
2	Generelle vilkår	4
2.1	Utsleppsavgrensingar	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	4
2.4	Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.5	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	5
2.6	Internkontroll	5
3	Utslepp til vatn	5
3.1	Utsleppsavgrensingar	5
3.1.1	Organisk belastning	5
3.1.2	Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel	6
3.2	Diffuse utslepp	6
3.3	Kjølevatn	6
3.4	Sanitæravløpsvatn	6
3.5	Mudring	7
4	Utslepp til luft	7
4.1	Lukt	7
5	Grunnforureining og forureina sediment	7
6	Kjemikal	7
6.1	Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel	8
6.2	Impregnerte nøter	8
6.3	Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten	8
7	Støy og lys	8
7.1	Støy	9
7.2	Lys	9
8	Energi	9
9	Avfall	10
9.1	Generelle krav	10
9.2	Handtering av farleg avfall	10
9.2.1	Generelle krav til handtering	10
9.3	Handtering av produksjonsavfall og slam	11
9.4	Plast	11
10	Deponi for eige avfall	11
11	Utsleppskontroll og journalføring	11
11.1	Utsleppskontroll og journalføring	11
11.2	Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevante data	12
12	Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren	12
12.1	Krav til gransking av organisk belastning	12
12.1.1	Tilleggsgranskingar ved redusert tilstand	13
12.1.2	Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad	13
12.2	Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff	13
12.2.1	Gransking av stoff i samband med C-granskingar	13
12.2.2	Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdier	14
12.2.3	Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand	14
12.3	Hydrografimålingar	14

12.4	Strandsonegransking.....	14
12.5	Makroalgegransking	15
12.6	Sårbar natur.....	15
12.6.1	Aktsemd med omsyn til sårbar natur	15
12.6.2	Kartlegging og vurdering av sårbar natur.....	15
12.6.3	Overvaking av sårbar natur	16
12.7	Støy	16
12.8	Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase	16
12.8.1	Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak	16
12.8.2	Registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase	16
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	17
13.1	Miljørisikoanalyse.....	17
13.2	Førebyggjande tiltak	17
13.3	Beredskapsanalyse	17
13.4	Beredskapsplan.....	18
13.5	Beredskapsetablering.....	18
13.6	Øving av beredskap	18
13.7	Varsling av akutt forureining	18
14	Utsifting av utstyr	18
15	Eigarskifte.....	18
16	Nedlegging	19
17	Tilsyn.....	19
	VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1	20

Endringslogg

Endringsnr.	Dato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av matfisk i sjø. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet er gitt mellombels for 6 år, og er gyldig til og med 31.12.2029. Løyvet gjeld for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) av matfisk på inntil 3120 tonn på lokaliteten, og er basert på søknad som oppgir planlagd årleg produksjon på 2000 tonn biomasse, med eit forventa fôrforbruk på 2520 tonn.

Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa til 3120 tonn MTB, uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

Det er sett særskilde vilkår om avbøtande tiltak med omsyn til forstyrning av fugl, overvaking av miljøtilstanden i vassmiljøet og utvida kartlegging/overvaking av sårbart naturmangfald innafør det området som anlegget kan påverke.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i vilkåra.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for i vilkåra.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte

2.5 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.7.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking etter NS 9410:2016 (jf. løyvet punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i ytterkanten av overgangssona (prøvestasjon C₂) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøveasjon C₃-C_n) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal verksemda gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Statsforvaltaren.

² [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskrifta\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

Strandsona og grunne område³ i nærleiken til anlegget skal ikkje vere påverka av forureining frå verksemda.

3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i punkt 3.1.1 og punkt 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive. Utslepp i samband med klinisk utprøving av nye legemiddel utan marknadsføringsløyve er ikkje omfatta av dette løyvet.

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at stoff som nemnt i vassforskrifta⁴ vedlegg VIII C og D nr. 2, andre EU-utvalde og vassregionspesifikke stoff⁵ over tid blir akkumulert i sedimenta slik at mengda overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i punkt 12.2.

3.2 Diffuse utslepp

Akvakulturanlegget skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn.

Diffuse utslepp frå ein eventuell landbase, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining.

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er mynde for regulering av sanitæravløpsvatnet frå verksemda.

³ Grunne område: mindre enn 30 meter djup, og område som tidvis blir tørrlagde og dermed er synlege.

⁴ [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

⁵ [Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassefisering av vann, sediment og biota](#)

3.5 Mudring

Dersom det som følge av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsmynde.

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

Akvakulturanlegget inkludert eventuell landbase skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Dette gjeld også for bruk av tenesteleverandørar.

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget og landbasen skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar på ein eventuell landbase skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Verksemda pliktar til å til ei kvar tid halde oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁶, og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

⁶ Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal der vurdering og konklusjon blir dokumentert. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe⁷.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁸ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Verksemda pliktar å vurdera alternative metodar for å førebyggja sjukdom og parasittar, for å redusere bruken av legemiddel. Denne plikta gjeld ikkje når veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive legemiddelbehandling.

6.2 Impregnerte nøter

Ved reingjering av nøter som er impregnert med miljøfarlege kjemikal, skal det gjerast tiltak for å minimera utsleppa. Miljøfarlege kjemikal er stoff eller stoffblandingar som vil gi akutt skade og/eller langtidsverknader i miljøet. Utslepp av slike impregneringsmiddel skal overvakast, jf. punkt 12.2.

6.3 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal verksemda informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlinga, medrekna omtale av artar og naturtypar ved lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreinga av utsleppet.

7 Støy og lys

Akvakulturanlegget skal utformast og verksemda skal driftast slik at det ikkje fører til nemneverdige støy- og lysulempar for omgjevnadene. Bruk av tenesteleverandørar skal planleggast slik at det ikkje fører til støy-, lukt- og lysulempar.

⁷ Jf. Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁸ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)
Kvardagar: 55 dB ($L_{pAekv12h}$) Laurdagar, sundagar og heilagdaggar: 50 dB ($L_{pAekv12h}$)	50 dB ($L_{pAekv4h}$)	Gjennomsnitt: 45 dB ($L_{pAekv8h}$) Maksimum: 60 dB (L_{AFmax})

L_{pAekvT} : gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

L_{AFmax} : gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemnda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemnda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemnda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene trede i kraft.

Aktivitetar som er ekstra støyande og som vil gå for seg utanfor ordinær arbeidstid kl. 07-19, skal førehandsvarslast til naboar.

Verksemnda skal vurdere sine støykjelder, inkludert båttrafikk, og så langt det er mogleg, setje i verk avbøtande/ støyreducerande tiltak for å redusere påverknad på fugl i Værøyna-Ospa-området. Støy skal avgrensast så langt det let seg gjere i hekke- og myteperiodar for fugl i Værøyna-Ospa-området.

7.2 Lys

Lys som blir nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

8 Energi

Verksemnda skal ha eit system for energileiing i verksemnda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemnda, jf. vilkår 2.6. og følge prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Verksemnda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemnda. For materiale som vert nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Verksemnda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjennvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjennvinnast på annan måte.

Verksemnda skal redusere risiko for marin forøpling mest mogleg. Verksemnda pliktar å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og avfallsforskrifta⁹.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av farleg avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal utførast slik at det ikkje fører til avrenning til omgjevnadane. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader⁹. Kasserte nøter som inneheld meir enn 0,25 prosent koparimpregnering (Cu_2O)¹⁰, reknast m.a. som farleg avfall.

I tillegg gjeld følgjande:

- All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.6 om internkontroll og punkt 13 om beredskap.
- Verksemnda skal ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra.
- Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merka slik at ein ser kva som er lagra.
- Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at farlege stoff blir danna, skal lagrast med nødvendig avstand.
- Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke¹¹ med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan godtakast dersom verksemnda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt vern.

⁹ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-8

¹⁰ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) [§ 11-2 fjerde ledd, jf. vedlegg 2 nr. 1](#)

¹¹ Med tett dekke er meint fast, ugjenomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.

9.3 Handtering av produksjonsavfall og slam

Daud fisk, avskjer og blodvatn skal samlast opp og konserverast omgåande. Ensilasjetankar skal ha tilstrekkeleg kapasitet og vere forsvarleg sikra mot utslepp til miljøet. Ensilasjetankar på land skal vidare ha ei oppsamlingsordning som minst rommar volumet i tanken. Verksemda skal ha beredskap til å kunne handtere massiv fiskedød.

9.4 Plast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikro- og makroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr frå fôrslangar til nøter og tauverk.

10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll og journalføring

11.1 Utsleppskontroll og journalføring

Verksemda pliktar å systematisk kartleggje eige utslepp til vatn.

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda reknar ut sine utslepp.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

Følgjande punkt skal journalførast:

1. Årleg produksjon (årleg biomasseproduksjon)
2. Årleg fôrforbruk og fôrtype (handelsnamn, konsentrasjon av stoff nemnt i vassforskrifta¹² vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff)
3. Årleg kjemikalieforbruk (kjemikalietype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
4. Årleg legemiddelforbruk (legemiddelttype, produktnamn, mengd, forbruksperiode og tilbakehaldingstid)
5. Impregnerte nøter (impregneringsmiddel, virkestoff, grovreingjeringsfrekvens og -metode) samt når og korleis nøtene er grovreingjort.
6. Årleg svinn (daudfisk, tap av fisk og leveransemottakar)

¹² [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

7. Naboklager og meldingar på lukt, lys og støy frå drifta inkludert frå transport, lossing, lasting, og hendingar som kan vere årsak til slike ulemper. Det skal journalførast tidspunkt, mogleg årsak, namn og adresse til personar som har meldt frå.
8. Rapportar frå gjennomførte miljøgranskingar.

Journalen skal oppbevarast i fem år.

11.2 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevante data

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før til Statsforvaltaren via www.altinn.no eller direkte på e-post til Statsforvaltaren. Rapporten skal innehalde følgjande data:

1. Årleg biomasseproduksjon inkl. daudfisk
2. Årleg fôrforbruk i kilo og fôrtype
3. Fôret sitt handelsnamn og eventuell konsentrasjon av stoff nemnt vassforskrifta vedlegg VIII C og D og vassregionspesifikke stoff
4. Årleg forbruk av legemiddel: type, produktnamn, mengd og forbruksperiode
5. Impregnerte nøter: virkestoff (type og konsentrasjon) og mengd
6. Årleg svinn: daudfisk, tap av fisk og leveranse-mottakar
7. Dersom anlegget har slamoppsamling: Årleg mengd oppsamla slam, målingar av innhald av tørrstoff i slammet og målingar av innhald av nitrogen, fosfor og TOC i tørrstoffet

Ved samlokalisering skal det sendast inn ein felles rapport.

12 Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren

Verksemda skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av sin aktivitet.

Verksemda skal levere eit framlegg til overvakingssystem seinast innan to månader etter oppstart av drift på lokaliteten. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekkjer miljøpåverknaden eller om dei treng andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga. Verksemda må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar dersom Statsforvaltaren finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan og bli pålagt å betale ein høvesvis del av kostnadene ved ei felles resipientgransking saman med andre verksemdar med utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

12.1 Krav til gransking av organisk belastning

Verksemda skal syte for at trendbasert overvaking av miljøtilstanden i vassøyla og sedimenta på sjøbotn blir gjennomført. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 Taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Overvakinga skal skje på faste overvakingpunkt, og skal som eit minimum inkludere parametrane makro infauna (botnfauna), sedimentkvalitet, sedimentkjemi inklusive sink, vasskjemi (tot-N, tot-P) og klorofyll.

C-granskingar i samsvar med Norsk Standard NS 9410:2016 skal gjennomførast etter frekvensar fastsett i standarden.

Resultat av miljøgranskingane skal dokumenterast i rapport som mellom anna skal innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknad frå anlegget og tilrådde utbetrande tiltak.

12.1.1 Tilleggsgranskingar ved redusert tilstand

Dersom miljøovervakinga syner at den økologiske tilstanden i resipienten vert dårlegare, skal verksemda gjennomføre tilleggsgranskingar som grunnlag for vurdering av tiltak. For C-gransking gjeld dette dersom den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den økologiske tilstanden i C3, C4 osv. er dårlegare enn moderat,

Plan for tilleggsgranskingar skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månader etter at rapport frå miljøovervakinga er motteken, jf. punkt 12.9.1.

12.1.2 Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad

Dersom rapportar frå tilleggsgranskingar jf. punkt 12.1.1 syner at utslepp frå verksemda bidreg til den reduserte miljøtilstanden i overgangssona, skal det lagast ein tiltaksplan og gjerast tiltak i samsvar med plan for betring av miljøtilstanden.

Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultatata frå tilleggsgranskingar er motteken. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

12.2 Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff

12.2.1 Gransking av stoff i samband med C-granskingar

I samband med resipientgranskinga for organisk belastning beskrive i punkt 12.1 skal det samtidig bli teke tre sedimentprøvar frå kvar prøvestasjon for analyse av innhald av stoff som nemnt i *forskrift 15. desember 2006 nr. 1446 om rammer for vannforvaltning* vedlegg VIII C og D nr. 2, dersom anlegget har hatt utslepp av desse stoffa. Sedimentprøvene kan analyserast som blandprøver frå kvar prøvestasjon.

Dersom det har blitt sleppt ut betydelege mengder av vassregionspesifikke stoff¹³, skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Resultata frå granskinga skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

¹³ [Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassefisering av vann, sediment og biota – punkt 1.6](#)

12.2.2 Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdier

Dersom resultatata frå miljøovervakinga jf. punkt 12.2.1 syner at konsentrasjon av stoff nemnt i første ledd i blandeprøva frå stasjon C2 overstig grenseverdiane for tilstandsklasse II i rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn¹⁴, skal det utførast tilleggsgranskingar. Det same gjeld om konsentrasjonen av dei nemnde stoffa i første ledd i blandeprøva frå ein av dei andre stasjonane overstig grenseverdiane for tilstandsklasse III.

Det skal lagast ein plan for granskingane som skal gjerast i samsvar med rettleiar for risikovurdering av forureina sediment¹⁵ og rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn. Granskingane skal gjerast for å vurdere omfanget av forureininga, om det er sannsynleg at den skuldast drifta av akvakulturanlegget og, om dette er tilfellet, kva miljørisiko forureininga representerer.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månadar etter at resultatata frå granskingane er klare. Resultata frå tilleggsgranskingane skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

12.2.3 Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand

Verksemda skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden om tilleggsgranskingane jf. punkt 12.2.2 syner at utslepp frå verksemda av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff, bidreg til at vassførekomsten ikkje vil nå miljømål fastsett i samsvar med vassforskrifta, eller at gravande botndyr ikkje kan eksistere i anleggssona, overgangssona eller lengre utover i resipienten.

Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultatata frå tilleggsgranskingar er klare. Statsforvaltaren kan pålegge verksemda å utføre ytterlegare tiltak.

12.3 Hydrografimålingar

Det er ikkje sett krav til overvaking med hydrografimålingar i løyvet.

12.4 Strandsonegransking

Verksemda skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av strandsona for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget eller tilhøyrande landbase. Eventuelt avfall skal fjernast.

¹⁴ [Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)

¹⁵ [Veileder M-409 2015 Risikovurdering av forurenset sediment](#)

Synleg forureining som til dømes feitt og oljefilm, og effektar av forureining som kan skuldast forureining frå verksemda som til dømes algevekst skal dokumenterast med tekst og bilete. Avfall inkludert marin forsøpling er regulert i punkt 9.1.

Verksemda skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden, dersom synfaringa syner at strandsona er synleg påverka av forureining frå akvakulturanlegget. Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

12.5 Makroalgegransking

Verksemda skal overvake makroalgane i strandsona og nærliggande grunne område¹⁶ som anlegget sine utslepp kan ha påverknad på. Overvakinga skal gjerast i samsvar med vassforskrifta sin metodikk for klassifisering av miljøtilstand for makroalgar.

12.6 Sårbar natur

12.6.1 Aktsemd med omsyn til sårbar natur

Ved utlegging og eventuelle endringar av fortøyingar skal verksemda filme fortøyingssområdet med ROV for å kunne plassere fortøyingane på ein aktsam måte, og unngå å skade sårbart naturmangfald.

12.6.2 Kartlegging og vurdering av sårbar natur

Før anlegget vert sett i drift skal det gjennomførast supplerande marinbiologisk kartlegging av aktuelle naturtypar og artar på sjøbotn, inkludert korallar og svampsamfunn. Føremålet med kartlegginga er å få informasjon om utbreiinga til dei naturtypene som er kjent, etablere kunnskap om «null-tilstanden» til desse før oppstart av produksjon, og ha eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for planlegging av overvaking, jf. punkt 12.6.3.

Det skal tas utgangspunkt i forslaget til kartleggingsmetodikk frå Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet datert 24.11.2022¹⁷ når det gjeld kva for naturtypar og artar som skal risikovurderast/kartleggast, og korleis kartlegging skal gjennomførast.

Plan for gjennomføring av kartlegginga skal sendast inn til Statsforvaltaren på førehand.

Eventuelle funn av sårbare naturtypar og artar skal følgjast opp med ei vurdering av risiko for skade på naturmangfaldet. Rapport med forslag til eventuelle avbøtande tiltak skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart resultat er klare.

Risikovurdering, kartlegging og vurdering skal utførast av kompetent og uavhengig organ.

¹⁶ Grunne område: mindre enn 30 meter djup, og område som tidvis blir tørrlagde og dermed er synlege.

¹⁷ <https://www.fiskeridir.no/media/Files/akvakultur/nyheter/Forslag-kartleggingsmetodikk-s%C3%A5rbar-natur-akvakultur.pdf>

12.6.3 Overvaking av sårbar natur

Overvaking av eventuelle skadeverknader av anlegget sin aktivitet på førekomstar av sårbare naturtypar og artar skal inngå i overvakingsprogrammet for lokaliteten.

Overvakinga skal planleggast, gjennomførast og rapporterast av kompetent og uavhengig organ.

12.7 Støy

Det er ikkje sett krav til støykartlegging i løyvet.

12.8 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase

12.8.1 Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak

Miljødokumentasjonen frå søknaden om etablering av anlegget skal sendast inn til [Altinn](#) innan 1 månad frå anlegget er registrert i Akvakulturregisteret:

1. Rapport frå førehandsgransking
2. Rapportar frå resipientgranskingar
3. Rapportar frå strømmålingar
4. Rapportar eller notat frå kartleggingar/konsekvensvurderingar som gjeld naturmangfald

Rapportar/resultat frå miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 12 skal sendast fortløpande til Statsforvaltaren via Altinn. Overvakingsprogram og tiltaksplanar skal sendast til Statsforvaltaren sitt postmottak. Under er det gitt ei enkel oversikt over kva som skal sendast inn. Nærare informasjon om kva som skal sendast inn og fristar er spesifisert i delkapitla til punkt 12.

1. Overvakingsprogram, jf. punkt 12
2. Rapport frå C-gransking, jf. punkt 12.1
Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 12.1.1 og 12.1.2
3. Rapport frå miljøgranskingar av stoff, jf. punkt 12.2.1
Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 12.2.2 og 12.2.3
4. Eventuell tiltaksplan for strandsona, jf. punkt 12.4
5. Rapport frå makroalgegransking jf. punkt 12.5
6. Planar og rapportar frå kartlegging og overvaking av sårbar natur, jf. punkt 12.6.2 og 12.6.3

Miljødokumentasjon som blir produsert til eventuelle seinare søknader om endringar på anlegget, og rapportar for anna type overvaking av utsleppa frå anlegget enn minimumskrava i punkt 12 skal også sendast til Altinn.

12.8.2 Registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase

Resultat frå granskingar som blir gjennomførte etter punkt 12, bortsett frå strandsonegransking (punkt 12.4), kartlegging/overvaking av sårbar natur (punkt 12.6) og støysonekartlegging (punkt 12.7), skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø¹⁸. Data skal sendast på Vannmiljø sitt

¹⁸ Vanmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Funn av sårbart naturmangfald under punkt 12.5 og 12.6 skal registrerast i databasane Artskart og Naturbase.

Registreringskrava over gjeld også for miljøgranskingar og kartleggingar av naturmangfald som er innsamla i samband med søknad om etablering av anlegget, eller eventuelle seinare søknader om endring/utviding. Fristen for registrering av slike data i databasane er innan tre månader.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi:

- a. organisering av beredskapen
- b. naudsynt beredskapsutstyr
- c. naudsynt mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemdas internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

13.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.7 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift¹⁹. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Dersom det skal gjerast utskifting av utstyr i verksemda som kan være av vesentleg konsekvens for verksemda sine utslepp, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

15 Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

¹⁹ [Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269](#)

16 Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsette nærare krav til tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og moglege erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift²⁰. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstadene igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

17 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

²⁰ [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C10 - C13 (kloralkaner C10 - C13)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C14 - C17 (kloralkaner C14 - C17)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350